

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Tverrgaten 4-6
5017 Bergen

Gunvar Mikkelsen

Innspelskjema -

Takk, vi stadfester å ha motteke dine merknadar. 10.10.2025. For meir informasjon samt innsikt i vidare prosess, sjå sida til Planprogram for regional plan for areal og mobilitet:

Oppsummering

Innspel til plan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Organisasjon

Org.nr. 918407855

Namn på verksemd FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

Adresse Tverrgaten 4-6

Postnummer/-stad 5017 Bergen

Kontaktperson

Namn Gunvar Mikkelsen

Telefon 99622830

E-post gunvar.mikkelsen@fnf-nett.no

Eining i verksemda Koordinator

Innspel

2.1 Gjennomgåande omsyn

Det er positivt at UFF-rammeverket innledningsvis legges til grunn. Dette rammeverket må også gjennomsyre de ulike temaene og saksfeltene i selve planen; f.eks. unngå motorvei-utbygginger - og forbedre eksisterende veier.

2.2 Regionsenter og transportkultur

Å hindre byspredning må være et overordnet prinsipp, samt bygge ut bybanen til bydelssentre i Bergen (kap. 2.2 Regionsenter og transportstruktur).

Vi ønsker også å minne om viktigheten av å planlegge for nærhet mellom boliger og arbeidsplasser, samt viktigheten av tilgjengelig og godt kollektivtilbud.

Hovedvegnettet har flaskehalser og behov for oppgradering og sikring.

2.3 Berekraftig arealforvaltning

Dette er eit svært viktig tema der FNF håper fylkeskommunen legg til rette for tydeleg styring i retning av berekraftig arealbruk. Tap av areal er den største drivaren for naturtap. Her sit kommunane med nøkkelen, og fylket sit med ei svært viktig koordinerande og rettleiande rolle. FNF til komma med følgande tilrådingar til arbeidet:

- Det må setjast retningslinjer og føresegnar som set ufråvikelege grenser for kva natur me kan bygga ned. Her må det leggjast særskild vekt på å unngå å forringa eller omdisponera viktige areal for friluftsliv og naturmangfald, samt karbonrike areal, slik at kvalitetane til desse areala og deira evne til økosystemtenester, karbonlagring og klimatilpassing vert oppretthalde. Her vil me minna om at fylket har eit ansvar for å sjå til at friluftslivet har gode vilkår. Skal ein sikra friluftslivet må det takst omsyn til nærnatur, store urørte område og villmarksprega natur. Dette må koma fram i retningslinjer og føresegnar i arealforvaltninga.
- Det er bra at fylkeskommunen tek eit overordna ansvar i arealplanlegginga. FNF vil her peike på kor viktig det er å laga verktøy som hindrar at kommunar konkurrerer om å bygga ned natur til for eksempel arealkrevjande industri eller annan næring.
- Arealnøytralitet må bli ein vesentleg del av kap. 2.3.
- Ein må vidareføre retningslinjer frå plan for fornybar som set grenser for kva natur me skal gjera inngrep i:
 - I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.
 - I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft som var i strid med kommunestyrevedtak.
 - Tydelege føringar for verneområde og verna vassdrag.
- FNF vonar at naturtap til hyttebygging og strandsoneutbygging vert handtert i planen.
- Vassdragsvernet må respekterast.
- Naturavtalen, med bevaring av 30 prosent av naturen, må leggjast inn som eit premiss. Ein representativ del av all natur må takast vare på.

- Arealbruk i sjø: Her må ein leggja best mogleg til rette for lukka oppdrettsanlegg.

- Når det gjeld kraftproduksjon, så meiner me at det må leggjast til rette for solceller på tak på offentlege bygg og næringsbygg. Det må også leggjast til rette for auka bruk av jordvarme. Vindkraft passar best på grå areal (allereie nedbygde areal). Det må også leggjast til rette for auka energieffektivisering og energi-transisjon.

- Fylkeskommunen må seie eksplisitt at tilgangen til kraft må prioriterast på ein samfunnsmessig gunstig måte, og at førstemann til mølla-prinsippet for tildeling av kraft må opphevast.

2.4 Mobilitet og transport

- FNF meiner det må formulerast prioriteringar som gjev tryggleik og minkar naturtap. Her vil me framheve satsing på gul midtstripe og oppgradering av eksisterende veier i stedet for nye motorveier.

- FNF vil tilråde at fylket også ser på moglegheit for å styrke kollektivtilbodet til populære friluftslivsområde.

- Fylkeskommunen må leggja til rette at innbyggjarane i Vestland kan leva liva sine med minst mogleg reisebehov.

- Fylkeskommunen må leggja til rette for at det går an å unngå motorisert transport i størst mogleg grad, då ved å leggja til rette for betre tilhøve for gåande og syklande (i tråd med UFF-rammeverket).

- I Bergen må fylkeskommunen vere ein pådrivar for bybane til alle bydelssentra.

4. Kunnskapsgrunnlag og skildring av konsekvensar

- Me er samde i det fylkeskommunen skriv; at det er trong for auka kunnskap om tap av naturmangfald. Her vil me tilrå å legga til Naturavtalen med underliggende rapportar, som del av kunnskapsgrunnlaget for den regionale planen.

- Vidare er det trong for å systematisera kunnskap om natur og folkehelse. Her kan ein finne ei eldre samanfatning: "Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse - Rapport fra det nordiske miljøprosjektet "Friluftsliv og psykisk helse (Miljøverndepartementet, 2009).

5. Planprosess, organisering og medverknad

Fylkeskommunen legg opp til eit breitt medverknadsopplegg, som me trur kan sikre god involvering i utforminga av planen. Dette er svært viktig, og me vil gje skryt for denne tilnærminga. Spesielt i ei tid der polarisering kring store samfunnsendingar ser ut til å verte ein monaleg risiko.

FNF Hordaland og FNF Sogn og Fjordane vil her nytta høve til å be om dialogmøte med prosjektgruppa for å gje innspel på viktige natur- og friluftslivsomsyn. Forum for Natur og Friluftsliv er eit breitt samarbeidsforum som samlar dei største organisasjonane innanfor feltet. Me vil også melde vår interesse for å delta i ressursgrupper der våre fagfelt er tema.